

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-005, TI-&00	22/260

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
036/2022	Kommunestyret	PS	29.09.2022

Flaggreglement i Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Kommunestyret vedtek «Flaggreglement for Modalen kommune» slik det ligg føre.

Kommunestyret vedtek "Flaggreglement for Modalen kommune" slik det ligg føre med denne endringa:

Punkt 8 vert endra til: Modalen kommune flaggar med det norske flagget på pridedagen. Tidspunkt for flagging skal vera andre måndag i juni kvart år.

Om det er gravferd i Mo kyrkje denne dagen skal det norske flagget heisast ein anna dag, så nære før eller etter som råd er, i juni månad kvart år.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

[Forskrift om bruk av flagg](#) legg føringar for tidspunkt og bruk av flagg for statlege verksemder.

Kommunar pliktar ikkje å flagge, men dei fleste kommunar vel likevel å ta utgangspunkt i forskrifta når det gjeld flagging ved kommunale bygg eller frittstående flaggstenger. Slik er det også i Modalen.

I Mo kommune har det vore praksis å flagge på Mo, Modalstunet, Mo skule og ved samfunnshuset på Øvre Helland. Modalen barnehage har ikkje frittstående flaggstong, men flaggar med balkongflagg når barnehagen er open. Dette gjeld ved barnebursdagar og dersom barnehagen er ope ved ein offisiell flaggdag.

Tidlegare har kommunen flagga frå to stonger på Mo. Ei stong stod utanfor det gamle kommunehuset i tillegg til ei frittstående stong ved parkområdet bak Mobrygga. Ved oppføring av kommunehuset Flodmaal konkluderte ein med at flaggstonga bak Mobrygga ligg såpass nært at den dekker behovet for flagging utanfor kommunehuset.

Kommunen flaggar frå alle stenger ved dei offentlege flaggdagane:

Dato	Offentlege flaggdagar
1. januar	1. nyttårsdag
21. januar	H.K.H. Prinsesse Ingrid Alexandras fødselsdag
6. februar	Samefolkets dag
21. februar	H.M. Kong Harald Vs fødselsdag
1. mai	Offentlig høytidsdag
8. mai	Frigjøringsdagen 1945
17. mai	Grunnlovsdagen
7. juni	Unionsoppløsningen 1905
4. juli	H.M. Dronning Sonjas fødselsdag
20. juli	H.K.H. Kronprins Haakon Magnus' fødselsdag
29. juli	Olsokdagen
19. august	H.K.H. Kronprinsesse Mette-Marits fødselsdag
25. desember	1. juledag
<i>Bevegelig</i>	1. påskedag
<i>Bevegelig</i>	1. pinsedag
<i>Bevegelig</i>	Dagen for Stortingsvalg

Andre kommunar har vedteke at dei også flaggar andre dagar enn dei offentlege flaggdagane. Til dømes Alver kommune flaggar ved den internasjonale kvinnedagen 8. mars, FN-dagen 24. oktober, samt ved kommunestyre- og fylkestingsvalet. Årsaka til at sistnemnde er teke med er at offentlege flaggdagar ikkje omfattar lokalval, berre stortingsval.

Arbeidet med heise flagg vert gjennomført på ulike måtar i kommunane avhengig av storleik både i folketal og areal. I Modalen har ein person heimehøyrande i kommunen teke på seg oppdraget med å reise rundt og heise flagga. Vedkomande får ei fast årleg godtgjersle for å flagge frå alle flaggstenger desse 16 høgtidsdagane.

Ved Modalstunet heiser tilsette sjølv flagg ved runde dagar og gravferder for bebuar. Rektor heiser flagg på Mo skule første skuledag, ved avslutningsmarkering for 10. klasse og på eksamensdagar.

Modalen kommune har vedteke ei [forskrift om kommunalt flagg](#), men dette flagget vert ikkje nytta i dag. I praksis betyr dette at vi flaggar med nasjonalflagget.

Kommunal- og distriktsdepartementet gjorde ei korrigering av [Lov om flagging på kommunale bygningar](#) i 2021. Det vart då opna for at kommunar også kan nytte andre flagg enn det norske, samiske eller det kommunale flagget ved særskilde arrangement eller markeringar.

Etter lovendringa har fleire kommunar tatt til orde for å nytta regnbogeflagget. Dette for å markere si støtte til det homofile og lesbiske miljøet i samband med ulike pridearrangement i regionen. I utgangspunktet er 28. juni ein dag som ofte vert nytta til markeringa, men samtidig vert juni månad sett på som ein hovudmånad for denne type arrangement og kommunar har valt ulike dagar for å

flagge med regnbogeflagget.

Vurdering

Rådmannen ser behov for å få på plass eit flaggreglement for kommunen som omhandlar når ein skal flagge, kor ein skal flagge og bruk av andre flagg enn det norske handelsflagget.

I utgangspunktet tilrår rådmannen at ein fastset å flagge for pride andre måndagen i juni, samt innfører flagging ved den internasjonale kvinnedagen 8.mars.

Ei utviding av flaggdagar i kommunen vil bety større omfang i arbeidet for vedkomande som har i oppdrag å flagge desse dagane og rådmannen må evt tilpasse ordningar for å løyse dette.

Konklusjon

Vedlagde «Flaggreglement for Modalen kommune» vert med dette lagt fram for kommunestyret til behandling.

Kommunestyret - 036/2022

KS - behandling:

Ordførar orienterte kort om saka.

Håvard Engeseth stillte spørsmål om ein kan bruke det norske flagget til markering av pride istadenfor prideflagg.

Ole Kristian Øvre Helland støtta forslaget om å bruke det norske flagget til markering av pride på offentlige bygg i kommunen.

Siren Bruvik, Roger Fure og Anne Britt Almelid tok ordet for å støtte bruk av prideflagg ved markering av pride.

Ann Jorunn Farestveit kom med framlegg til alternativt vedtak, der ein bruker det norske flagget til markering av pride istadenfor prideflagg.

Ordførar tok dei to framlegga til vedtak opp til votering mot kvarandre.

Ordførar tok alternativt framlegg til vedtak opp til votering. Framlegget fekk 6 stemmer: Ole Kristian Øvre Helland, Håvard Engeseth, Nathalia Osmo Yndestad, Linda Neset, Sigrunn Almelid Birkeland.

Ordførar tok så rådmannens framlegg til vedtak opp til votering. Framlegget fekk 6 stemmer, men ved bruk av ordføraren si dobbeltstemme vart framlegget vedteke. Dei som stemte for var: Kjetil Eikefet, Ove Eidsnes, Marit Kristin Nese, Anne Britt Almelid, Roger Fure og Siren Bruvik

KS - vedtak:

Kommunestyret vedtek «Flaggreglement for Modalen kommune» slik det ligg føre.

Vedlegg:

Utkast til flaggreglement for Modalen kommune